

Hei konfirmantforeldre!

Då er vi i gang!

Dei neste 2 vekene gjeld det – vi skal få bidra, saman med konfirmantane, og støtte det livsviktige arbeidet til Kirkens Nødhjelp med å skaffe reint vatn til fleire menneske. 771 millioner menneske manglar i dag tilgang på reint vatn, og for 300,- kan vi bidra til at eitt menneske får varig tilgang på reint vatn livet ut.

Gjennom Fasteaksjon skal vi få vera med å skape endring. Les meir om Fasteaksjonen her: <https://www.fasteaksjonen.no/>

Vedlagt i denne eposten ligg ei helsing frå Dagfinn Høybråten (generalsekretær i Kirkens Nødhjeløp) til konfirmantane i Os, og ein plakat med Qr-koden.

Spleis

Os kyrkjelyd har oppretta ein **SPLEIS** som konfirmantar og foreldre kan dele under Fasteaksjonen og innsamlingen til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid.

Her er lenke til Spleisen: <https://spleis.no/fasteaksjonen2024>

På denne sida finn du og andre måtar og dele Spleisen på.

Konfirmantane har no fått denne lenke på sms, med oppfordring om å dele med venner, familie og dei som kjem i besøket kanskje? Og med forslag til denne tekst som dei kan bruka saman med lenka;

Hei!

I år er eg konfirmant (eller mor/far til konfirmant), og no samlar vi inn pengar i årets Fasteaksjon.

Vi skal redde liv saman med Kirkens Nødhjelp. For 300,- gjev du eitt menneske tilgang til reint vatn resten av livet. Tusen takk for støtta di - den reddar liv!

- ✓ Ta ein ringerunde til slekta og spør om dei vil gje eit bidrag. Kanskje det er lenge sidan du har snakka med bestemor uansett?
- ✓ Send ein melding til alle som er invitert i konfirmasjonsselskapet ditt, Del Spleisen/Vippsnummer og informer om innsamlingsaksjonen. Bruk gjerne teksten som vist tidlegare.
- ✓ Del innsamlingsaksjonen/Spleisen på dine sosiale medium

Vipps

Vi som kyrkjelyd vil gjerne vite så raskt vi kan kor mykje våre konfirmantar har samla inn.

Det får vi ikkje tilgang på dersom vi brukar vippsnummeret til Kirkens Nødhjelp. Dei har oppfordra oss til å lage vår eige, og derfor har vi oppretta dette vippsnummeret:

#639277.

Roder

Lenke til rodene/gatene konfirmanten din skal gå i, kjem i ein annan epost, i morgon.

Diverse utfordringar frå konfirmantteamet – til

Med god innsats frå alle klarar vi kanskje å «slå» fjorårs-konfirmantane sin sum på 197000,-. Og dersom konfirmantane tek utfordringa, og i år klarar summane under her, så har dei vaksne i konfirmantteamet sagt at dei skal gjere dette:

150 000 kr: Roar skal ete ein habanero-chilli, før han held preika si på ungdomsgudsteneste fredag 5.april.

175 000 kr: Sigurd – vår daglege leiar – skal gå på ski til jobb. Han bur i Øvre Varåsen.

200 000 kr: Gro Helen fargar håret lilla.

250 000 kr: Sylvi fargar håret i alle regnbogefargane.

Så stå på – då kan dette bli skikkeleg artig!

Lykke til!!